



JOTUNHEIMEN

BYGG



Lokal kvalitet.

www.jotunheimenbygg.no



Høg kompetanse. Totalleverandør.

Jotunheimen Bygg AS held til i Lom, ved foten av Jotunheimen. Vi var i utgangspunktet to byggjefirma, Lom Trebygg AS og SGS Bygg AS, som lenge hadde jobba tett sammen. Det vart difor heilt naturleg å slå oss saman, for å dyrke det beste fra begge leirar.

Vi tek gjerne heile oppdraget frå A til Å, frå skisser til nøkkelen i døra og alt imellom. Vi tek oss av teikning, søking, nybygg, tilbygg, renovering, vøling og lafting. Har du skissert draumehuset på dopapir, teiknar vi det opp att for deg, i 3D. Om det trengst plass for ny mjølkerobot til Dagros eller større produksjonslokale for eige avkom, så finn vi ei løysing.

For oss står kvaliteten og kunden i fokus. Handverkarane våre er svært dyktige og har solid yrkesstoltheit og lang erfaring i faget. Difor kan du vere trygg på at du sit att med eit kvalitetsprodukt til slutt!



Bedriftskunder med lavere risiko for skader enn snittet i sin bransje skal ha markedets beste forsikringsbetingelser. Selective Insurance er en forsikringsavtale som gir bedriftskunder tilgang på akkurat dette. Kontakt oss og finn ut om din bedrift er kvalifisert.

LYFORSIKRING.NO
ESPEN KOLDEN som treffes på telefon 456 19 040

GOLVSLIPING • GOLVBELEGG
MALETENESTER

Skjåk Interiør AS

Thorstein - tlf. 907 54 788 • Stig - tlf. 970 34 840
E-post: skjaak.interior@fjellnett.no



ETABLERT AV REGIONALT
NÆRINGSILIV

N | NÆRINGS
BANKEN

Åsmarkvegen 2, 2390 Moelv // Tlf. 481 08 800 // www.naeringsbanken.no



Lafting.

Lafting har lange tradisjonar i Noreg og var den dominerande byggjemåten i innlandet frå 1000-talet og fram til etterkrigstida. Dette er ein tradisjon vi er stolte av å føre vidare.

Byggjemåten krev lite ressursar, og det blir lite avfall frå byggjeprosessen. Flis og høvelspon blir nytta til dyrestro og biofyringsanlegg, og veden blir nytta til oppvarming av bustader. Vi nyttar hovudsakleg lokalt tømmer og plukkar «husmåså» i nærområdet. Ved å nytte Hunton trefiberisolasjon i tak og golv kan vi bygge naturleg pustande hus som inneheld berre reine materialar. Vi legg både skifertak og torvtak. Vi tilpassar utforming og detaljar etter ynskje frå kunden.

Ynskjer du ein særskilt type novende eller omramming kring vindauge, ordnar vi det slik du vil ha det.





Frå idé til heim.

Ein bustad bygd etter dagens krav kan vere så mangt, men først og fremst skal det vere ein heim! Ein trygg heim det er godt å bu i og som du er stolt av.

Eit nytt hus er ofte starten på eit nytt kapittel i livet. Å sjølv vere med i prosessen frå fyrste blyantstrek til nøkkel i døra gjer at du får eit heilt spesielt tilhøve til huset du bur i.

For mange kan denne prosessen òg vere overveldande, med alle val som skal gjerast. Vi har lang erfaring med nybygg og vil vere ein aktiv støttespelar i prosessen, om de treng det.

Nokon ynskjer eit personleg preg ned til minste spikarhol, medan andre ynskjer færre val med meir standardiserte løysingar. Heldigvis er folk forskjellige, og det er det som gjer jobben vår så innhaldsrik og gjevande.

Anten du har teikna prosjektet ditt på ein serviett, eller du har ei arkitektteikning med alle detaljar, så har vi det som skal til for vegen vidare. Ein enkel 3D-modell og eit prisoverslag er aldri langt unna.

Har du eit hus frå den tida buksene hadde sleng og bilbelte var valfritt, er det gjerne behov for oppgradering både av estetiske og tekniske omsyn. Etterisolering eller nye vindauge kan gjere tilhøva betre for både ullsokkar og straumrekning. Kanskje er ikkje kjøkenet like praktisk som det var for 30 år sidan, stua har krympa i vask, soverommet har ein fargepalett det er vanskeleg å forsvare i dag og badet leiar tankane meir i retning av fuktskadar enn personleg hygiene. Vi er gjerne med og vurderer kva som løner seg og kva som trengst, så kan du sjølv bestemme kva som gjev deg mest verdi for kronene. Fell valet på søknadspliktige tiltak tek vi sjølvsagt heile «papirmølla» frå teikning til ferdigattest.




Tomteområde.

I bustadfeltet vårt på Gjeisarjordet i Lom kan du byggje draumeheimen din i gangavstand frå alt du treng. Ein kaffikopp eller is i sentrum eller ein tur til ikoniske Lomseggen i Breheimen nasjonalpark er rett rundt hjørnet.

Nærrområdet byr på varierte turmoglegheiter og fiske i elv og krystallklåre fjellvatn.

Jotunheimen og Rondane ligg berre ein liten biltur unna. Småbarnsfamiliane trivst godt i området, med kort veg til skule og barnehage. Leikeplassen i bustadfeltet er ein populær møteplass for ungane, og for dei vaksne og, på ljose sommarkeldar. Vi tilbyr nordvendte utsiktstomter med plass til plen, blomsterbed, bærbuskar og ein liten kjøkenhage. Her kan du nyte kveldssola!



Kvalitetsprodukter av malmrik fjellfuru

Noen av våre spesialiteter:
Skjåkpanel Spesial • Skjåkpanel Villmark • Fjuken-kledning • Golvbord

Industrivegen 12, 2690 Skjåk • Tlf. 612 13 890 • E-post: trelast@skjak-trelast.no

www.skjak-trelast.no



Blåhø Elektro ble startet i 2015, og har ansatte med lang erfaring og bred kompetanse innen alle typer av elektriske installasjoner.

Vi i Blåhø Elektro har mange solide leverandører og samarbeidspartnere, som hjelper oss å sikre alle våre kunder en trygg og sikker handel.

Har du behov for å kontakte din faste elektriker, så er vi å treffe på mobil:

Odd Arne Dahlen - tlf. 40 43 18 91 - Lalm
Pål Haugen - tlf. 40 43 18 92 - Lom
Stig Berg - tlf. 40 43 18 93 - Lom/Vågå
Rune Gjesling Sandbo - tlf. 40 43 19 94 - Vågå

Tlf. 40 43 18 90 • post@belekstro.no • 2682 Lalm • www.belekstro.no



VI HJELPER DEG MED RØRLEGGERARBEIDET!

KL Rørleggerbedrift er en rørleggerbedrift som holder til i Lom, hvor vi har butikk og utstilling av baderomsmiljøer. Vi arbeider i kommunene Lom, Skjåk, Vågå og Sel hvor vi betjener privat- og bedriftsmarkedene og kommunene. Vi leverer og monterer sanitæranlegg, varmeanlegg, vannbåren varme og vannrenseutstyr. Vi tilbyr også vannanalyse, avløpsåpning og kamerainspeksjon av avløpsrør. På grunn av vår geografiske beliggenhet har vi tilegnet oss god kompetanse på jordbruksvanning.





Jotunheimen Bygg AS
Industrivegen 6A
2686 Lom

(+47) 612 11 840

post@jotunheimenbygg.no

www.facebook.com/jotunheimenbygg

www.instagram.com/jotunheimenbygg

www.jotunheimenbygg.no